

Retningslinjer for leige av Fyresdal idrettshall – Førdsalshallen

1. All bruk av idrettshallen skal på førehand avtalast med sentralbordet til Fyresdal kommune. Ein kan leige idrettshallen med eller utan tilgang til garderobane i symjehallen
2. Nøkkelprikke til bruk av idrettshallen delast ut saman med leigeavtale. Ved eingongsbruk skal brikka leverast tilbake så snart som mogleg.
3. Leigetakar pliktar å sette seg inn i dei til ei kvar tid gjeldande reglar. Opplæring i bruk av bygget skal gjennomførast ved underteikning av leigeavtale, før bygget blir teken i bruk av leigetakar. Opplæring blir gjeve i opningstida (arbeidstida) til kommunen. Kontaktpersonen i kommunen for opplæring til leigetakarar er Hilde Martini Momrak (95 27 09 05). Dersom reglane ikkje blir fylgde og dette fører med seg meirarbeid for kommunen, vil rekning bli sendt til leigetakar.
4. Bruk av lydanlegg og teleslynge må avtalast spesielt med utleigar.
5. Alle som nyttar hallen skal rydde etter seg:
 - a. Alt utstyr skal settast tilbake på rett plass etter bruk.
 - b. Fyresdal kommune har ansvaret for det daglege reinhaldet på vekedagar.
 - c. **Dersom du skal leige hallen i ei helg, er det viktig å vite at golv og toalett berre blir vaska på vekedagar.**
 - d. Leigetakar står ansvarleg og er erstatningspliktig om noko blir øydelagt.
6. Ved større arrangement skal avfall samlast i søppelsekkar og settast i «søppelhuset» på baksida av samfunnshuset. Nykel til søppelhuset heng i skåp på toalettet.

Før ein forlèt hallen er det viktig å gå ein runde å sjekke at alle dører og portar er lukka og låst.

Ved leige av garderobar kan skåp for oppbevaring av verdisaker nyttast. Garderobane skal vere rydda og låst etter avslutta bruk. Hugs å sjekke at alt vatn i dusjane er slått av!

Personar med smittsame sjukdomar har ikkje tilgang til garderobane.

7. Elles gjeld fylgjande:
 - a. Det skal nyttast innesko i hallen. Dette gjeld også publikum.
 - b. Lagera i hallen skal vere ryddige.